

Trur fylket godtek nytt spelepl

Langhuset er flytta i retning mot den gamle golfhytta og amfiet er dreia mot nord og flytta lenger frå sjøen. Arkitekt Georg Grimstad reknar med at fylket vil godkjenne planane.

ANNE GRY EILERTSEN
anne.gry@vikebladet.no

Grimstad fortel at han har vore i kontakt med både Hareid kommune og reguleringsarkitekt Kåre Gjengedal om endringane.

Gjengedal har uttalt at etter hans meining er justeringane i tråd med ønska som fylket bar fram då dei var på synfaring på Overå, og han sende tysdag det nye forslaget over til fylket for å få ein prinsipputtale.

Grimstad fortel at han laga den nye skissa umiddelbart etter at fylket og reguleringsarkitekten hadde vore på synfaring. Den største endringa er at langhuset er flytta til det gamle golfbaneområdet. Då fylket var på synfaring var amfiet og spelelassen alt flytta om lag 10 meter lenger frå barden. I det justerte forslaget senterer på amfiet i tillegg dreia 45 grader mot klokka. Dette er gjort for at publikum skal kunne sjå langhuset.

I den justerte planen er langhuset dessutan krympa. Kjellaren er fjerna og huset er flytta langt inn på sletta nord på tomte, og dreia slik at monumentet blir i synsranda.


Frå arenaen i amfiet blir det ein lang, slakk bakke opp til langhuset, og han kan brukast som utvida publikumsarena under Hjørungavågspilet og konsertar. Barden vil ligge urørt i 10-15 meters breidde framom og ramar inne spelelassen.

Har ete seg inn på privat grunn

– Endringane gjer at planen har blitt betre. Men han har blitt god fordi vi har tillate oss å skjere reimar frå annan manns rygg. Noko som vi i utgangspunktet ikkje hadde lyst til å gjere, kommenterer Georg Grimstad.

Han siktar til at langhuset no er regulert inn på privat grunn. Det er Jan Overå som eig grunnen der den gamle golfbana ligg, og fleire politikarar har i det siste antyda at kommunen bør ekspropriere dette området – dersom grunneigaren ikkje vil selje frivillig.

Overå uttalte i Vikebladet Vestposten tysdag 28. april at sal av jorda aldri hadde vore drøfta med kommunen, men at han ville ta stilling til det dersom spørsmålet kjem. I utgangspunktet har Overå sjølv planar for akkurat dette området. Han har



Det justerte forslaget til ny spelelass sett frå lufta: Langhuset er flytta til det gamle golfbaneområdet, amfiet lenger ifrå badestranda og ein gangveg i boge ramar inn spelelassen og gjer tilgangen til stranda og monumentet enklare.

søkt kommunen om å få etablere der ein campingplass med hytter.

Betre tilgang

I det justerte framlegg som no er

sendt til fylket for uttale, er undergangen flytta 15 meter langs vegen mot Hjørungavåg for å betre logistikken på spelelassen. Parkeringsplassen ligg på to nivå, og har fått eit nytt

innslag på riksvegen i samband med krav frå Statens vegvesen.

Og nede på speleområdet er det laga ein gangvegstrase med "kosmiske" drag som fylgjer ein stor boge og ramar inne spele-

Christian frå Hareid har bygt klimabil

Christian Nasset Dimmen (28) frå Hareid har vore med på å utvikle klimabilen "Frost", som skal konkurrere om heider og pengepremier under Shell Eco Marathon i Lausitz i Tyskland komande måndag.

LEIV ARNE GRIMSTAD
leiv.arne@vikebladet.no

Christian er i ferd med å avslutte eit tre-årig bachelorstudium i industriell design ved Høgskulen i Østfold. Saman med sju andre medstudentar har han utvikla klimamodellen "Frost", som vart avduka under arrangementet "Klimabil 09" på Aker Brygge i Oslo 28. april med olje- og energiminister Terje Riis-Johansen og fleire andre samfunnsstøttar tilstades.

Christian er teknisk ansvarleg for studentgruppa, som kallar seg Polarbear design.

Også studentar ved NTNU i Trondheim stiller klimabil i Tyskland.

Går 30-40 mil på 1 liter bensin

Under "Shell Eco Marathon" er



Skal det vere ein klimabil? Her er produktet "Frost", som Christian Nasset Dimmen (til v.) frå Hareid - saman med sju andre studentar ved Høgskulen i Østfold - har vore med på å lage. Komande veke konkurrerer bilen i "Shell Eco Marathon" i Tyskland.

hovud-utfordringa å køyre lengst muleg på drivstoff som tilsvarar 1 liter bensin. Arrangementet blir halde for 25. gong - og fjorårsvinnaren køyrde - hald deg fast - 82 mil på 1 liter bensin. Bilen hadde hydrogendrift.

- Vi har som mål å i alle fall køyre 30-40 mil på literen, seier



Christian om "Frost". Bilen går på bensin, men dei har planar om å bygge han om til etanol-drift.

Til miljøbil-tevlinga i Tyskland er det venta over 200 bilar frå andre design-skular i Europa og Asia - og over 20.000 skodelystne.

Christian fortel at Østfold-stu-

dentane har bygt opp bilen heilt frå idéfasen. Maskinelle delar er utfreste i bedrifter i nærområdet. Utviklingskostnaden for "Frost" ligg på 600.000,- kroner, men skulle dei ha teke vanleg timebetaling, ville bilen ha kosta i alle fall 2 millionar. Han er bygt av aluminium og karbonfiber.

"Frost" veg berre 140 kilo. I tillegg til at bilen er svært drivstoffeffektiv, har høgskulestudentane satsa mykje på design og komfort. Skulle dei lykkast i Tyskland, ser dei ikkje bort frå at det kan kome på tale å starte produksjon av ein slik miljøbil her i Norge. I så fall kan dei bli landets første

ass-forslag



plassen og fører folk til 1000-årsmonumentet terskelfritt. Denne organiseringa vil gjere det lettare å bruke den planlagde undergangen under fylkesvegen, i tillegg blir tilgangen til monumentet

og store deler av stranda lettare – uansett kva arrangement som skjer i amfiet.



miljøbil-produzentar.

Christian fortel at det har vore eit stort prosjekt med mange ting å halde styr på. Men samtidig har det vore utruleg lærerikt. - Når eg ser det fine sluttresultatet, føler eg at alle dei seine kveldane er rettferdiggjorde, seier han.

Christian fortel at han er open

for å arbeide vidare med utvikling av miljøvennlege biltypar, men han veit enno ikkje kva det blir til når studieåret er over.

TUSSA TINDEKRAFT

- ditt lokale straumprodukt



Du får noko meir når du kjøper straum frå Tussa

- ✓ **Alt på ein faktura**
Straum, nettleige, breiband - full kontroll!
- ✓ **Inga forskotsbetaling for privatkundar**
Mange straumleverandørar fakturerer eit forskot på 2-3 md.
- ✓ **Lokalt kundesenter**
Rask og hyggelig hjelp på telefon 70 04 63 00
- ✓ **Miljøvennleg straum**
Alle Tindekraft-kundar får 100% fornybar energi inkludert i kraftavtalen sin
- ✓ **Støtte til nærmiljøet**
Kvart år sponsar vi lag og organisasjonar i nærmiljøet ditt.

tussa.no


TUSSA